

Vedlegg 1 Utdanning av helsepersonell – dimensjonering

Grunnutdanning omfattar studium ved vidaregåande skular, høgskular og universitet der studentane har helseføretaka som praksisarena. Fylkeskommunane har ansvar for dei vidaregåande skulane. Opplæringskontora i fylka skal i samarbeid med praksisarenaene sikre læreplassar i dei yrkesfaglege utdanningane.

Vidareutdanning omfattar m.a. ulike studium ved fagskular, høgskular og universitet der studentane har helseføretaka som praksisarena (og arbeidsplass). Høgskular som tilbyr vidareutdanning, skal i forkant inngå avtalar med helseføretaka om praksisplassar. Ein skal prøve å løyse eventuell usemje i samarbeidsorganet. Spesialistutdanning for legar skal varetakast i samsvar med den nye spesialistforskrifta.

Nedanfor gjengir vi Kunnskapsdepartementet sine forslag til kandidatmåltal for 2018. Kandidatmålalet for kvar enkelt institusjon er eit *minstekrav*. Endelege tal ligg føre i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet for 2018 til utdanningsinstitusjonane og kan opplyst frå institusjonane i dei regionale samarbeidsorgana.

Helseregion	Høgskule Universitet	Obligatorisk praksis			Ikkje obligatorisk praksis			ABIOK- sjukepleie	Jordmor
		Sjuke- Pleie	Radio- grafi	Bio- ingeniør	Fysio- terapi	Ergo- terapi	Verne- pleie		
Helse Sør-Øst	Høgsk. i Innlandet	164					65	23	
	Høgsk. i Oslo og Akershus	492	34	50	134	51	147	120	34
	Høgsk. i Østfold	109		22			61	20	
	Høgsk. Diakonova	87						28	
	Lovisenberg diak. høgsk	167						48	
	Univ. i Agder	203		20			35	25	
	Høgsk. i Sørøst-Norge	344	20				57	51	20
Helse Vest	Høgsk. på Vestlandet	435	25	39	68	30	86	60	35
	Univ. i Stavanger	167						34	
Helse Midt-Norge	Høysk. i Molde	79					46		
	NTNU	425	51	73	52	57	70	134	25
Helse Nord	Univ. i Tromsø	261	24	20	33	20	64	50	20
	Nord univ.	352					30	26	
Fleire RHF	VID vit.sk. høgskole	252				30	110	22	
		3 537	154	224	287	188	771	641	134

Ver merksam på samanslåtte institusjonar med lokasjonar i fleire regionar.

Følgande kandidatmåltal er fastsette for medisin, psykologi og farmasi MA ved universiteta:

	Medisin	Psykologi profesjonsutd.	Farmasi MA
Universitetet i Oslo	200	112	55
Universitetet i Bergen	164	80	25
NTNU	114	63	12
Universitet i Tromsø	84	39	25
	562	294	117

Turnusteneste

Helsedirektoratet har det overordna ansvaret og fastset kor mange turnusplassar for fysioterapeutar det skal leggast til rette for. Regionansvarlege fylkesmenn er delegerte myndigheit til å skaffe turnusplassar for fysioterapeutkandidatar, og dei informerer dei regionale helseføretaka om forventa behov komande år. Talet på turnusplassar for fysioterapeutar blir vidareført i tråd med auken i 2013.

LIS1-stillingar for legar

Turnustenesta for legar enda hausten 2017 og er avløyst av LIS1-stillingar som er første delen av spesialistutdanninga for legane. LIS1-stillingane har same strukturen som turnustenesta, med 12 månader i sjukehus og 6 månader i kommunehelsetenesta, men har eigne læringsmål. Talet på LIS1-stillingar blir vidareført i 2018 på same nivået som for turnustenesta. Helsedirektoratet får i oppdrag å gjere ny vurdering av om dimensjoneringa av talet på stillingar er i tråd med det som trengst i tenesta.

Fordeling av nye legestillingar

Oppretting av legestillingar skal framleis skje i tråd med det som trengst etter sørge for-ansvaret dei regionale helseføretaka har, den helsepolitiske styringsbodskapen og dei økonomiske rammene som er stilte til disposisjon. Gode lokale, regionale og nasjonale analysar av kompetansebehov frametter skal leggast til grunn for korleis dei regionale helseføretaka fordeler legar til helseføretaka og mellom spesialitetar. Dei regionale helseføretaka skal særleg vurdere behovet for legestillingar til spesialitetar der utdanningskapasiteten i dag går for å vere for låg, og spesialitetar der behovet for legespesialistar kan endre seg i åra som kjem som ei følge av befolkningsutvikling, sykdomsutvikling og organisatoriske endringar i helseføretaka.

Dei regionale helseføretaka skal bidra til at Legestillingsregisteret i Helsedirektoratet alltid er oppdatert.